

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 18/6450-1

### Oppfølging - Rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Utvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, inkludert dokumentasjon på tiltaka som gjennomført, innan 30.10.2018.

#### Vedlegg:

Notat om oppfølgingstenesta dagsett 16.04.18

## SAKSFRAMSTILLING

### Bakgrunn for saka

**I møte i kontrollutvalet 26.09.2017 vart sak om bestilling av ny forvaltningsrevisjon handsama. Av saksframstillinga gjekk m.a. dette fram:**

«Det andre prosjektet i planen – Oppfølgingstenesta inkl. helse - og miljøretta tiltak i skulen – vart bestemt utsatt inntil vidare. Bakgrunn for dette er at opplæringsavdelinga arbeider med ei omlegging/oppfølging av OT - tenesta. Dette arbeidet skulle vore utført hausten 2016, men måtte utsettast på grunn av vakansar m.m. Arbeidet vil bli utført ved hjelp av innleidd kompetanse. Fylkeskommunen har no motteke ein førebels rapport etter gjennomgangen av tenesta. Når endeleg rapport vert motteken, vil den bli sendt til kontrollutvalet.»

**Endeleg rapport frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 13.12.17 saman med ei munnleg orientering. Det vart gjort slikt vedtak:**

«Tor-Einar Holvik Skinlo orienterte om rapporten og vidare oppfølging av denne. Kontrollutvalet vil eventuelt be om ei orientering om oppfølging i løpet av 2018.»

**Nordlandsforskning kom i rapporten med tilrådingar på desse områda:**

- Koordinering på systemnivå
- Auka samhandling om arbeidstilbod
- Læring og delingsarena
- Vidareutvikle Vg3 i skule
- Auka satsing på grunnkompetanse
- Førebygging i skule
- Psykisk helse

**Vurderingar og konsekvensar**

Sekretariatet har motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 16.04.2018 med status på oppfølging av rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane.

Sekretariatet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune. På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein del forbetningsarbeid bør kontrollutvalet be om ny status på oppfølging av denne rapporten ut på hausten 2018. I denne tilbakemeldinga bør utvalet også be om at dokumentasjon på forbetningsarbeidet som er gjennomført vert lagt ved.

**Konklusjon**

Det vert tilrådd at kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.10.2018.